

Jentefotballens helg 2018
laurdag 7. og søndag 8. april

Kaupanger IL har gleda av å invitere til "Jentefotballens helg". Dette er like i forkant av seriestarten, og det vert eit fint høve til å få spele nokre treningskampar før kampen om poeng startar.

- Laurdag 7. april: Jenter 15-17 år.
- Søndag 8. april: Lillejenter 11-12 år og småjenter 13-14 år

(Dersom det er stor påmelding i klassen 11-12 år, kan denne bli flytta til laurdag).

Alle lag får spele minimum 4 kampar ute på kunstgras, der kvar kamp varer i 1*28 minutt. Spelarar kan fritt flyttast frå ulike lag klubben har med.

Målsetjinga med helga er at jentefotballen skal vere i fokus, der jentene skal ha det kjekt med fotball, og ein skal få kamptrening utan fokus på resultat, sluttspel og tabellar. Det er inga premiering.

Klassar:

- Lillejente (2007): 5'ar eller 7'ar/Lillejente (2006): 7'ar eller 9'ar
- Småjente (2005-2004): 7'ar, 9'ar eller 11'ar
- Jenter(2001-2003): 7'ar, 9'ar eller 11'ar

Påmeldingsavgift: kr 900-, per lag. Påmelding på mail til aase.neraas@hvl.no innan 18. mars, og ved å betale til kontonummer: 3705 08 38898, merkt med Jentefotballens helg 2018, og kva klubb og lag de betalar for.

Har du spørsmål? Ta kontakt med Åse Neraas på mail til: aase.neraas@hvl.no eller tlf. 917 64 903

Kiosken og kafeen er open heile helga. Her får de kjøpt både varmt og kaldt.

Velkomen til ei kjekk jentefotballhelg på Kaupanger!

Venleg helsing
Kaupanger IL - fotball